

915426840

EIRIK SMITH

**Mobilnummer**

970 07 255

**E-postadresse**

smitheirik@hotmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 53904

**Vedtaksdato**

13.12.2020

**Vedtaket er gjort av**

Alver kommune

**Søknadsdato**

11.12.2020

**Vår referanse**

Agros 142169

## Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Nytt gjerde 445/32

---

### Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 6 850 kroner i tilskot til EIRIK SMITH til Nytt gjerde 445/32 . Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 13.12.2023.

---

Alver kommune viser til søknad av 11.12.2020.

### Bakgrunn i saka

EIRIK SMITH søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 11.12.2020. Du søker om totalt 7 200 kroner i tilskot for tiltak perioden 13.12.2020-31.12.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 16 668 kroner.

Søker ønsker å sette opp eit nytt gjerde. Det gjerdet som stå der i dag er gammalt og modent for utskifting. Det er viktig å ha gode gjerder her slik at areala framleis kan beitast og halde dyra inne. Det er eit krevande terreng å sette gjerde, det er ein del rydding som må til og det er mykje boring

### Grunngeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom skal tiltaket gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernemiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova §§8-12, JF.§7.

Kommunen har gjennomgått artskart, naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Kommunen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi vi meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å utvikla kulturlandskapet gjennom aktiv beiting

<b>Kva</b>	<b>Kostnad</b>
Gjerde 80kr/m 90 m	7 200
Jernstaur 35 stk	4 700
Boring 10 min pr staur, = 6 timer x 300 kr timen	1 800
<i>Sum</i>	<i>13 700</i>
Tilskotssats 50%	
<b>Sum tilskot (inntil)</b>	<b>6 850</b>

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 6 850 kroner i tilskot.

### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 13.12.2023. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

-Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.

-Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.

-Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

### **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Hugs å ta bilder og før timelister undervegs, ta vare på kvittering på utgifter ifm tiltaket

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 13 700 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Gamalt gjerde bør ryddast opp og levers til godkjent mottak

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Kjartan Nyhammer